



## Referat frå samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Rørvik 25. – 27. august 2010



Tema: husdyr på museum

**TILSTADES:**

NAMN	INSTITUSJON	25.	26.	27.
Brynhild Bremer Viken	MuseetMidt,	x	x	x
Leif Hauge	Høgskulen i Sogn og Fjordane	x	x	x
Liv Byrkjeland	Musea i Sogn og Fjordane	x	x	x
Marie Pettersson	Musea i Sogn og Fjordane	x	x	x
Jan Arve Lund	Musea i Sogn og Fjordane, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum	x	x	x
Gunnar Dalaker	Musea i Sogn og Fjordane, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum	x	x	x
Sveinung Reksten	Musea i Sogn og Fjordane, Kystmuseet	x	x	
Lisa Gay Bostwick	Trondenes Historiske Senter Sør -Troms Museum	x	x	x
Mons Kvamme	Lyngheisenteret, MuHo	x	x	x
Kjetil Monstad	Havråatunet, MuHo	x	x	x
Marit Adelsten Jensen	Havråatunet, MuHo	x	x	x
Gudrun Guldal	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	x	x	x
Gard Arnstensrud	Norsk Folkemuseum Bygdø Kongsgård	x	x	x
Helge Normann	Norsk Folkemuseum Bygdø Kongsgård	x	x	x
Jan Tore Sørsdal	Norsk Folkemuseum Bygdø Kongsgård	x	x	x
Paal Mork	Norsk Folkemuseum publikumsavdelingen	x	x	x
Marit Berg	Norsk Folkemuseum publikumsavdelingen	x	x	x
Åsmund Asdal	Norsk genressursenter	x	x	x
Knut G. Austad	Jærmuseet	x	x	x
Odd Kjetil Liland	Jærmuseet	x	x	x
Anne Jorunn Frøyen	Jærmuseet		x	x
Anne Kristin Klausen	Helgeland Museum Avd. Nesna		x	x
Anna Ehrhardt	Helgeland Museum Avd. Vevelstad	x		

Even Nystu	Trøndelag Folkemuseum Museene i Sør-Trøndelag AS	x	x	
Sven Ove Hojem	Trøndelag Folkemuseum Museene i Sør-Trøndelag AS	x	x	
Asbjørn Lie	Agder naturmuseum og Botaniske hage	x	x	x
Einar Mosleth	Valdresmusea Bagn Bygdesamling	x	x	x
Fredrik Calmeyer	Valdresmusea Valdres Folkemuseum	x	x	x
Cecilie Johansen	Varanger museum IKS, Vadsø museum-Ruija kvenmuseum	x	x	x
Bodil Dago	Varanger museum IKS, Sør-Varanger Museum	x	x	x
Torhild Kvingedal	Lynghesenteret, Museumssenteret i Hordaland	x	x	x
Vivian Stølen	Grimstad bys museer	x	x	x
Jonas Gjerstad	Norsk Landbruksmuseum	x	x	x
Kristin Kjønnsø	Museet Midt IKS		x	
Sigmund Alsaker	Museet Midt IKS		x	
Peter Emil Kaaland	Lynghesenteret	x	x	x
Heidi Froknestad	Mjøsmuseet AS		x	x
Geir Grøtan	Museet Midt IKS, avd. Namdalsmuseet	x		
Bjørnar Sellæg	Museet Midt IKS, avd. Namdalsmuseet	x		
Odd Meldahl	Museet Midt IKS, avd. Namdalsmuseet	x		

**Velkommen** ved *Brynhild Bremer Viken*. Brynhild ønskja kulturlandskapsnettverket velkomne med ei kort innleiing om Museet Midt.

*Liv Byrkjeland* omtala innhald og opplegg av samlinga. Ho fortalte og at ho skal ha permisjon frå jobben sin i eit år. *Marie Pettersson* vil vikariere for ho. Marie fortalde kort om seg sjølv. *Leif Hauge* runda av med generell informasjon om nettverket.



**Figur 1** Norge, hovedbygninga for museumseininga i Rørvik. Er utpeika til 1000-års staden for Nord Trøndelag

**Husdyr på museum – utfordring og nødvendig** ved *Kjetil Monstad / Marit Adelstein Jensen, Havråtunet*.

Kjetil innleia med litt historikk om Havråtunet og fredingsprosessen. Etter tok han opp nokre av dei problemstillingane knytt til husdyr dei har erfart på Havråtun:

- ◆ har gått over frå spælsau til villsau
  - spælsau er tame og gjekk gjerne i tunet og åt opp hageplanter
  - villsau er flokkdyr, og er enklare å få samla
- ◆ mjølkedrift
  - handmjølking var arbeidsamt og tidskrevjande i slåtten
  - fekk eigen mjølkekvote på 30 000 liter i 2004

- handmjølking var mindre problem enn først venta, og fekk rettleiing av hygieneteknikar
- stølsmjølking var ikkje aktuelt og ein gjekk over til haustkalving
- høy (støvet) gjorde at det m.a. ikkje var lov å helle mjølk frå spann til spann inne, men måtte stå ute
- pga av driftsform fekk ein for lite mjølk i forhold til mjølkekvoten. og om vinteren var det problem med at mjølka fraus
- kyrne var ulikt villige til å verte mjølka (eldre rase der ein ved avl ikkje har hatt selektive moglegheiter på lynne)
- Tidsforbruket var 3-3,5 tima per dag konklusjonen vart at det var mykje arbeid for lite. I dag har ein ammekyr
- ◆ Kalving
  - Opplevde at det var vanskeleg å få kalv inn på kyr ved inseminering
    - Lett å oversjå brunstteikn, særleg om det var mange som arbeidde i fjøsen
  - Har fått betre resultat ved bruk av okse
    - Har no vårkalving og okse som går på beite med kyrne
- ◆ Refleksjonar frå naboar
  - Grenda er avfolka
    - mange eldre som har levd med gardsdrift som er igjen. Desse har forståing av det å drive med dyr
    - mange grunneigarar er byfolk og har ikkje same forståing
  - dersom det er krancling om m.a. dyrehald kan det vere vanskeleg å kjenne sine rettar

Marit utdjunna ein del av dei konfliktane som Havråtunet står ovanfor og arbeidssituasjonen for dei tilsette.

Husdyr er den viktigaste ressursen på Havrå. Dei er fundamentet i kulturlandskapet og plan for Havråtunet (utarbeidd av fylkeskommunen) fastsett at det skal vere husdyr på garden og at det skal vere beiting på marka.

- ◆ mange av dei som arvar gardar i tunet brukar dei bere til feriebustadar og mange gonger er det låg forståing og kunnskap om bevaring og heilskapen t.d:
  - fordi ein ikkje greidde å beite av alt vart det inngått samarbeid med andre bønder – desse vart sett på som snyltarar
  - opnar grinder slik at dyr beitar på innmarksslåten
- ◆ Drift på Havråtunet er ved mange høve atypisk i dagens samfunn
  - ABMU sine rapportar
  - Må søkje mange dispensasjonar (lys, støv, storleik på bås etc.)
  - Greier ikkje å oppfylle arbeidsmiljølova
- ◆ Handbåren kunnskap er viktig å ta vare på. Dette gjeld og matkulturen til dei artane ein har.
- ◆ Tilsette på Havråtunet oppmodar oss til å:
  - vere kritiske til norsk landbrukspolitik
  - stille krav til kulturminnevernet

**Bevaring av gamle husdyrrasar** ved Jonas Gjerstad, Norsk Landbruksmuseum  
Husdyra våre er utrydda som viltlevande artar, men har vore ein del av kvardagen for generasjonar. Genar har ikkje endra seg opp gjennom åra slik som t.d. reiskap har. Musea bør ha eit ansvar å ta vare på også denne type kulturhistorie.

Genetikk er grunnlaget for biologisk mangfald og bevaring av genar kan ha

viktig tyding i ulike samanheng. Det er Norsk genressurssenter som avgjer bevaringsstatusen til husdyr.

For å klare å ta vare på gamle husdyrartar kan musea hjelpe ved

- ✓ å skape positive formidlingsarenaer og interaksjonar
- ✓ orientere folk om dyra og deira tyding
- ✓ skape engasjement
- ✓ spreie forståing om arven vår til komande generasjonar

**Husdyr på Musea i Sogn og Fjordane**  
Leige eller eige ved Jan Arve Lund, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum

Dyr på museet:

- ◆ 1 hane og 5 høner, men er ofte fleire. Jærhøner. Museet eig hønene og dei er på museet heile året. Høner er enkle å eige
- ◆ 2 fjordingar – museet eig hestane, men har dei på museet ca 6 månader. Leiger plass hjå bonde resten av året
  - vert mykje brukt både i arbeid på museet og ved arrangement
  - vert trimma og køyrde 2 gonger i veka
  - hovmeister kjem kvar 6. veke eller etter behov
  - hest er greitt å eige. Det er viktig at museumspersonalet og hesten kjenner kvarandre. For å skape tryggleik vert hesten køyrd året rundt trass i at hesten ikkje er på museet.
- ◆ 2 grisar. Gammaltypisk gris/svartgris. Museet kjøper grisar frå Maihaugen om våren og slaktar dei om hausten
  - har prøvd å ha ei purke til avl. Problem med inseminering og å få ho leigd vekk om vinteren.
- ◆ Kyr, vestlandsk fjordfe. Museet låner 2 kviger frå Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland. Hadde tidlegare kyr, men det var for mykje arbeid.
- ◆ Sau, gamalnorsk spælsau. Leig dyra av ein bonde

- ♦ Har tidligere hatt mjølkegeiter, men slutta då det er mykje arbeid med mjølking og vanskeleg å halde dei inngjerda.

Konklusjon:

- ♦ dyr er viktige for å skape liv på museet
- ♦ viktige stellarar av kulturlandskapet
- ♦ resurskrevjande

Geiter som kulturlandskapspleiar på Brendøya ved Sveinung Reksten, kystmuseet i Florø

Brendøya er ei øy litt utanfor Florø. Fram til 1970 låg fleire småbruk på øya, men i dag er det ingen av dei bygningar att, men eit hus er flytta til øya. Kulturlandskapet er autentisk, men er tilvekst med mykje lauvskog. Tradisjonelt var det kyr og sau som beita øya. Nærleiken til Florø gjer området til eit mykje brukt friluftsområde.

Tidigare var det lite skog og målsetjinga er å få utsjånaden attende. I starten var det tilfeldig ved at eit jaktlag ønskte å ha dyr på beite som dei slakta om hausten. I dag er det museet som driv.

- ♦ Har 5-25 geiter som beitar
- ♦ Vaksen skog vert hoggen ned fordi dyra ikkje klarar å beite toppar. Dyra fjernar etterveksten. Viktig å halde beitepresset når ein fjernar skog. Lyset aktiviserer frøbanken.
- ♦ Lite einer igjen etter nokre år. Pga av arbeidsmengde har ein ikkje fjerna riset, men dette bør vurderast
- ♦ Geiter må ha hus heile året. Ikkje heldig å bruke museale hus, med eit provisorisk tak med opne veggjar er godt nok
- ♦ Problem med folketrækk. Vurderer å leggje til rette med stiar for å unngå at folk går over heile kulturlandskapet

Drift framover:

vegetasjonen endrar seg til å verte meir grasdominert. På sikt vil museet bytte ut nokre geiter med sau, men ønskjer å behalde nokre for publikum

**Husdyr i antikvariske bygningar** – gjekk ut

**Husdyr på Norsk folkemuseum ved Gard Anstensrud**

Bygningar og bevaring gjer at det berre er dyr på museet sommarstid. Etter overtaking av Kongsgården er museet meir fleksible og kan variere tal dyr etter sesong og arrangement.

Skal setje i stand eit 50- tals tun på museet, der det er tenkt at det skal vere mogleg å ha dyr heile året. Byggjer no kombinasjonsfjøs

Problemstillingar:

- ♦ lite beiting tilrådd pga av nærleik til antikvariske bygg
- ♦ mykje flytting av dyr gjev mykje arbeid
- ♦ bruke strau
- ♦ behov for kurs på arbeidshest. Det er for lite kunnskap om å bruke arbeidshest og det er få arbeidshestar (dei fleste hestar i dag er ridehestar eller konkurransehestar)

**Setran gård**

På ettermiddagen reiste me ut til Setran gård der me fekk omvisning av *Frode Setran*. Frode er oppvaksen på garden og



**Figur 2** Frode Setran fortel om Setran gård

har spesialisert seg på kulturlandskap og turisme. Har og ein del fokus på



gardsoppleving for barn og unge. Garden har ca 20 bygningar, og mengda gjev utfordring til å halde vedlike. Det er viktig å ta vare på bygningane, og dei kan kome til bruk i framtida. For å kunne ta vare på arealet rundt bygningane prøver dei å ha det så vedlikehaldsfritt som mogleg

#### Dyr:

Dyra er viktige både som landskapspleiarar og for å gjere garden/ landskapet levande. Dette er viktig for opplevinga for turistar samstundes som dyra er ein attraksjon i seg sjølv. Setran gård tek vare på ein del eldre rasar.

Kanin – har m.a. trønderkanin som er den einaste norske kaninarten

Sau - gråtrønder

Hest – nordlandshest og islandshest

Gris

Geit – afrikansk dverggeit

Skal få ein ku, sida trønder, å halde lauvkratt nede.



**Figur 3** Trønderkanin

#### Kulturlandskap:

Gamle slåttemarker – har rydda ein del gamle slåttemarker for å opne opp landskapet. Mykje osp som kjem opp, men hald det nede ved beitepress. Brukar mykje sambeite med hest og sau.

Grisar som går ute. Stort nok areal.

Har problem med einstape

Fjord, vatn og turvegar er resursar, og det er m.a restaurert gamal sti frå nabogarden ned til fjorden.

**Velkommen ved direktør i Museet Midt IKS Sigmund Alsaker**

Fortalte om Museet Midt og dei ulike musea som inngår i samanslåinga. Dei nordtrønderske musea har ei satsing på ungt eigarskap, dvs ha tilbod som gjer dei attraktive for dei yngre.

I Rørвик er Norveg hovudbygninga for eininga her. I tilknytning har dei laga til eit miljø av ei bryggerekke langs kanalen. Desse bind og saman området til Berggården gamle handelsstad og den gamle strandsitjargarden.

**Omvisning**



**Figur 4** "Pernille Olsdatter Buøy" på trappa til Størhuset

I ei forteljarteater tek tausa hjå han Berg, Pernille Olsdatter Buøy, oss attende til kvardagslivet i Rørвик på tidleg 1900-tal. Me vitja:

- Sildnotbrygga
- Naustet til han Berg med masse båtar
- Størhuset. Hus for storvask, baking og koking

- Galdehuset/Nordlihuset, ein gamal strandsitjargard
- Berggården gamle handelsstad

**Kulturlandskap og levemåte i Nord-Trøndelag ved Sigmund Alsaker**

Karakteristisk for Namdals- og Helgelandskysten i brytningstida er holer med teikna figurar i. I desse holene finn ein beinrestar frå husdyr.

Blandinga mellom lite landbruksland og eit rikt hav er fundamentet i kombinasjonsbruket. Lynghei er karakteristisk i området, og ein har funne spor heilt tilbake til jernalderen.

Fiskevær- organisert fiske er kjent frå eldre jernalder, men størst i vikingtid og tidleg middelalder. Sør- Gjæslingan er ei eit av dei siste ledda i organisert fiske.

**Sør- Gjæslingan**

Me tok båt ut til øygruppa Sør- Gjæslingan. Sigmund Alsaker fortalte litt om landskapet vi passerte.

På Sør- Gjæslingan innleia Kristin Kjønso med å fortelje om historia til øyane og me hadde ei rundvandring på Flatøyen. Til saman er det 75 hus på øyane, og av desse eig museet 22 medan dei andre er private.

Mange av dei private huseigarane ønskjer ikkje beitedyr rundt husa. For å ta vare på kulturlandskapet må dei syte for slått i staden.

Dersom ein sluttar med både slått og beite vil ein få meir eller mindre monokulturar av høge planter som skuggar ut dei mindre. Dette skapar og problem med jordsmonn som vert utsett for erosjon. Dette er eit generelt problem langs Helgelandskysten.

Fram til 1990- talet var det slått på den andre øya.



Forvaltningsplan – større øyar. Flokk på 10 dyr (villsau) og litt brenning.

Mons Kvamme og Petter Emil Kaaland har sett på lyngheier langs heile kysten og dei fortalte om deira erfaringar.

Konflikt sau og havørn: må ta omsyn til havørn. Havørn er åtseletar og det er mindre konflikt enn om det hadde vore kongeørn. Det vil difor vere forsvarleg å ha sau på beite. Er ikkje belegg for at det er eit problem.



Figur 5 Sør - Gjæslingan

## FREDAG 27. AUGUST

### **Handlingsplan for kystlyngheier – fagrapport** v/ Petter Emil Kaaland og Mons Kvamme

Orientering om kystlyngheia si utbreiing og utnytting. Lyngslåtten heldt fram til 70-åra, og landskapet er no under attgroing. I 2008 gav Direktoratet for Naturforvaltning i oppdrag å dokumentere Noreg sitt ansvar i forhold til andre land. Målet var å finne ut ambisjonsnivå for Noreg i forhold til Europa og dei ønskte eit overslag om kor mykje vi skal ta vare på. Vernet skal vere realistisk. Det vart valt ut 22 lokalitetar som er registrerte.

DN skal lage ny rapport som m.a. skal trekkje inn den nye naturmangfaldslova. Det er ikkje sett nokon endeleg dato for ferdigstilling av rapporten.

**Figur 6** ”Pernille Olsdatter Buøy” på trappa til Størhuset

### **Bygdøy Kongsgård og Folkepark – status** v/ Jan Tore Sørnsdal

Norsk folkemuseum overtok drift og forvaltning av Kongsgården i 2004. Garden er på 2000 dekar, og ein skal oppretthalde gardsdrifta og bruke garden til formidling. Det vert satsa på økologisk drift og våren 2012 er omlegginga slutført.

Det er eit moderne landbruk som skal følgje utviklinga. I tillegg skal dei syne det historiske landbruket. Gamle husdyrartar, plantematerial og bruk av hest er viktig fokusområde i denne formidlinga.

Deler av området er freda. Rideskulen vert truleg freda som kulturmiljø etter kulturminnelova. Det er og to naturreservat innafor tiltaksområdet. Fylkesmannen og riksantikvaren skal sy saman lovverka. Saka ligg no hjå departementet med endeleg avgjerd mest sannsynleg hausten 2010.

Rideanlegget er tenkt som framtidig besøksfjøs. Fjøset med mjølkeproduksjonen ligg lenger bak.

Det vert rekna med 3000 vitjande pr dag med mange barnehagar og skuleklasser i vekedagane.

### **Siste nytt i nettverket**

- Liv Byrkjeland går over i ny stilling og har eit års permisjon frå museet / nettverket
- Nye nettsider kjem i løpet av hausten
- Naturmangfaldsåret. Leif Hauge orienterte om registrering av planter på De Heibergske samlingar. Registreringa synleggjer viktigheita av

at musea tek vare på kulturlandskap. For 20 år sidan vart det etablert ei eng som i dag er visuelt vakker med mange karakteristiske og sjeldne slåtteartar. Det var i alt funne 264 artar på museums-området, og nokre artar er ikkje registrert i Sogndal kommune tidigare.

- Lauvfôr- prosjektet: Fekk midlar for eitt år. Det skal lagast eit manus til ABMU i løpet av året og det er ønskje om å lage ei bok av artiklane.
- Kultursti i Skallelv er opna. Var med i eit tidigare prosjekt i nettverket. Det er laga eit hefte som viser historie, kulturhistorie og planter. Plantene er og presentert med kvenske namn.

### **Norgesgården**

Norgesgården er eit pågåande prosjekt i regi av nettverket. Dei ulike musea fortalde om sine erfaringar.

#### Tuomanien- gården, Vadsø v/ Cecilie Johansen

- ✓ Bygard med avgrensa areal. Typisk for Vadsø
- ✓ Prosjektet er eit godt høve til å samle informasjon om garden
- ✓ Prosjektet har gjeve større perspektiv Fått fram historia frå 1850 og framover
- ✓ Det er vanskeleg å få fram kjelder og informasjon

#### Bjørklund, Pasvik v/ Bodil Dago

- ✓ Fokuserer på livet i grenseland, rydding av garden, drifta, endring av vilkåra for jordbruket etc
- ✓ Det er gjort intervju av dottera til siste eigaren av Bjørklund
- ✓ HSF har gjort feltarbeid på garden

#### Audamotland, Jæren v/ Knut Austad

- ✓ Ser på bruken av naturressursane på garden
- ✓ To som jobbar med prosjektet
  - bruke metoden på andre gardar
  - bruke til formidling
- ✓ Omfattande prosjekt og det er trong for hjelp til å spisse artikkelen

- ✓ Museet eig berre ein liten del av den tidlegare garden, men det er viktig å sjå på alt areal for å forstå garden

#### Havråtunet v/ Marit Adelsten Jensen

- ✓ Ikkje behov for dokumentasjon av garden, men ser på korleis ein kan drifte garden. Er det mogleg å verne gjennom bruk?
- ✓ Eig og paktar ein liten del av klyngjetunet, medan andre teigar lever sitt eige liv
- ✓ Fleire aktørar som er med i vernearbeidet. Fylkeskommunen er ansvarleg for oppfølging av forvaltningsplanen
- ✓ Arbeidsåret og ressursbruk. Dersom ein skal gjere alt riktig er det manko på 35 årsverk
- ✓ Utfordringar:
  - ressursar: økonomi og kunnskap
  - forholdet til grunneigarar
  - konsolideringsprosess

#### Gruppearbeid

Åsmund Asdal frå Norsk genressurscenter orienterte om arbeid med å bevare PLANTEARVEN og inviterte til samarbeid om bruk og bevaring av historiske planter og genressursar på museumsområde. Det er allereie etablert slikt samarbeid med nokre museum, t.d. fruktsortar og pryddplanter.

Genressursentert ser gjerne at fleire museum har autentiske planter i sine utandørsanlegg og informerar om dei på lik linje med andre historiske gjenstandar, bygningar etc.

Genressurscenteret kan støtte opp med tilgang til historiske planter og informasjon om dei, støtte informasjonstiltak og elles vere samarbeidspartnar i prosjekt som har med plantene å gjere.

Det vart gjennomført gruppearbeid med utgangspunkt i følgjande spørsmål:

- Kva interesse har musea av eit samarbeid med Genressurscenteret om bruk og bevaring av planter?

- Korleis kan musea tenkje seg å bruke plantene?
- Kva er vilkåra for at eit slikt samarbeid kan kome i stand?
- Kva kan Genressursenteret gjere for å leggje til rette for/ initiere samarbeidet?

Spørsmåla vart diskutert i tre grupper ordna etter grupper av planteslag; engplanter, stauder & roser og potet & grønsaker.

Frå framlegging av gruppearbeida vert følgjande notert:

1. Alle gruppene vil gjerne ha historiske planter på området sitt
2. I første omgang er det viktigaste tiltaket at det vert gjort synleg kva plantemateriale som er tilgjengeleg. Genressursenteret vil kome

- attende til nettverket med informasjon om dette når opplysningar er samla og klargjort
3. Genressursenteret kan hjelpe til med val og prioriteringar av ”riktige” planter
  4. Støtte lokale innsamlingar av historiske planter
  5. Ved skjøtsel av engareal kan Genressursenteret hjelpe til med råd om skjøtsel og med bistand til søknad om tilskotsmidlar frå regionale tilskotsordningar
  6. Nettverket og Genressursenteret sine nettsider bør vere lenka opp mot kvarandre
  7. Bidrag og prosjektstøtte vil gjere det lettare å etablere plantesamlingar på musea.